

VURDERINGSKRITERIUM FOR ARBEIDET I TIMANE OG BOKA

Vurdering av:	6–5	4–3	2–1
Forfattar og illustratør	Du har med mange opplysningar om forfattaren og illustratøren. Her skriv du også litt om kva dei er kjende for, og kva slags bøker dei har laga før.	Du har med nokre opplysningar om forfattaren og illustratøren.	Her har du berre med nokre få opplysningar om forfattaren og illustratøren.
Handlinga til boka	Handlingsreferatet er strukturert og gir eit svært godt bilet av kva boka handlar om, <u>utan å vera for detaljert</u> .	Handlingsreferatet gir eit bilet av innhaldet i boka. Referatet er for detaljert, det blir keisamt, eller det er for kort.	Handlingsreferatet er svært kort og gir lite inntrykk av innhaldet i boka.
Forfattaren sine verkemiddel	Du har med særsmange verkemiddel som forfattaren har nytta, og du har gode refleksjonar kring kvifor forfattaren har nytta desse verkemidla, og kva han får fram gjennom dei. Er det få verkemiddel, reflekterer du kring dette.	Du har med ein del verkemiddel, og du har nokre gode tankar kring bruken av desse eller mangelen på verkemiddel.	Du har oversett mange verkemiddel, og det står lite om kvifor forfattaren har nytta desse.
Illustratøren sine verkemiddel	Du har funne særsmange verkemiddel illustratøren har nytta. Dersom illustratøren har brukt få verkemiddel, reflekterer du kring dette. Dine tankar viser at du har god kontroll på kva verkemidla er og fører til.	Du har med ein del verkemiddel, og du har nokre gode tankar kring bruken av desse eller mangelen på verkemiddel.	Du har oversett mange verkemiddel, og det står lite om kvifor illustratøren har nytta desse, eller om mangelen på dei.

Samanhengen mellom forfattaren og illustratøren sine verkemiddel	Du reflekterer godt om korleis forfattar og illustratør utfyller kvarandre i boka.	Du har nokre tankar om korleis forfattar og illustratør utfyller kvarandre i boka.	Du bør sjå korleis forfattar og illustratør utfyller kvarandre i boka betre.
Tema og bodskap	Refleksjonen din er god, og du viser at du har mange tankar rundt tema og bodskap.	Refleksjonen din rundt tema og bodskap viser nokre tankar om dette.	Refleksjonen rundt tema og bodskap er enkel.
Grunngiving	Du <u>grunngir</u> godt kvifor du likte / ikkje likte boka.	Du grunngir kvifor du likte / ikkje likte boka.	Enkel eller inga grunngiving for kvifor du likte / ikkje likte boka.
Rettskriving og teiknsetjing Kjelder	Særs god kontroll på rettskriving, teiknsetjing og kjelder	God kontroll på rettskriving, teiknsetjing og kjelder	Mindre kontroll på rettskriving, teiknsetjing og kjelder